



*Saman for ein branntrygg kvardag*

## Rettleiing for rednings- og sløkkjeinnsats

Denne rettleiinga er utarbeida for at du på best mogeleg måte skal kunna leggja til rette for ein så rask og effektiv rednings- og sløkkjeinnsats som mogeleg. For å oppnå dette må både åtkomstveg, brannredningsareal og sløkkjevattn vera tilrettelagde og dimensjonert for våre behov.



Rettleiinga tek omsyn til brannbilane sine akseltrykk, akselavstand, svingradius, samt redningsmaterialets operasjonsbehov og gjeld åtkomstveg og brannredningsareala. Med brannredningsareala meiner me oppstillingsplassar for brannvesenet sit materiale i slukke og redningsinnsats. Rettleiinga visar til krav til forsvarleg tilkomst til sløkkjevattn til byggverk.

Rettleiinga er utarbeida i samsvar med tekniske forskrifter til plan- og bygningsloven (TEK) § 11-17, rettleiing til TEK, samt Brann- og eksplosjonsvernlova med forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) § 5-5, med rettleiing.

### Behov – Åtkomstveg


- Køyrebredde på rett laupsveg: minst 3 m.
- Svingradius (ytterkant veg): Va mannskapsbil 9,5 m. Vasstankbil og rednings/løftemateriell 12 m.
- Stigning i åtkomstveg: maks 1:8 (12,5%)
- Fri høgde: 4,5 m.
- Lengde på brannbil: 8 m.
- Åtkomstveg og brannredningsareala må kunne belastast med eit akseltrykk på 12.000 kg., og tåla ein totalvekt på 26.500 kg.
- Støpte dekk over holrom (eks. p-hus, kulvertar) må tåla punktrykk min. 18.000 kg. pga. høgdematerialets støttebein
- Terskelhøgde (fortauskant) må ikkje overstiga 15 cm.
- Parkering er ikkje tillat på åtkomstveg og brannredningsareala, og skal tydeleg skiltast og merkast av




## Saman for ein branntrygg kvardag

### Behov – Brannredningsareal for rednings/løftereiskapsbilar

- Brannredningsareal for nemnde brannbilar må ha ein minste lengde på 14 m.
- Avstand frå fasade på bygning til brannredningsarealets nærmaste kant skal vera minst 3 m. Brannredningsareala opparbeidast slik at slangeutlegg frå brannbil ikkje overstig 50 m. til nokon del av fasadane på bygga. Store bygg bør ha åtkomstveg rundt heile bygget
- Brannredningsareala må ha maks stigning 1:20
- Parkering på brannredningsareala er ikkje tillat, og skal tydeleg skiltast og merkast av
- Brannredningsareala skal kunne belastast med eit akseltrykk på 12.000 kg., og tåla ein totalvekt på 26.500 kg.



Prinsippsskisse for etablering av brannredningsareal med tilførselsveg



Prinsippsskisse for brannredningsareal i gatelaup

### Behov – Sløkkjevattn

*Plassering av uttak til sløkkjevattn i forhold til byggverk*

- Vann-forsyning skal vera utført etter plan- og bygningsloven § 27-1, TEK § 11-17, rettleiing til TEK og lokale vedtak; Kommunalteknisk VA norm
- Val av løysing; brannventilar/hydrantar, skal avgjerast av VA ansvarleg i kommunen/VA verksemda
- Brannvernet føretrekker brannhydrantar framfor brannkummar då desse er meir enklare å lokalisera, raskare å betena og meir HMS vennlege
- Brannhydrant/kum må plasserast innanfor 25 - 50 m frå inngang til hovudangrepsveg. For store bygg med fleire angrepsvegar i tillegg til hovudangrepsveg, bør det være brannkum/brannhydrant innanfor 50 meter frå inngangen til desse

---

#### Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannvern(NGIB)

Eit samarbeid mellom Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune

Postadresse - Postboks 4, 5906 Frekhaug | Besøksadresse - Stølen 7, 5911 Alversund | Innbyggjarservice: 56 37 50 00



## *Saman for ein branntrygg kvardag*

- Dersom uttak for sløkkjevann vert plassert nærmare bygget enn 25 meter må det vurderast om dette er tilstrekkeleg beskytta mot strålevarme og/eller fare for nedfall frå fasadar eller tak
- Det skal ikkje vere meir enn 2 x 50 meter slangeutlegg frå kum/hydrant til alle deler av fasadane. Det vil si; 50 meter frå kum/hydrant til brannbil, og vidare 50 meter til fasade
- Brannhydrantar skal monterast på kum ved strategiske viktige punkt. Dette gjeld m.a. ved skule, eldresenter, industribygg, sjukehus og elles der kommunen finn det føremålstenleg
- I Alver kommune skal brannhydrantar monterast utanfor kum, sjå VA norm
- Uttak til sløkkjevann på private vassleidningar
- Uttak for sløkkjevann til private vassleidningar bør etablerast som brannhydrantar. Slike uttak er oftast ikkje vist på vassleidningskart og er ofte dårleg merka, vedlikehalde og manglar ofte brøyting. Brannhydrantar er derfor føretekte

### *Brannhydrantar – generelt*

- Brannhydrantar må plasserast slik at dei er godt synleg frå inngang til brannvesenets angrepsveg i bygget og slik at dei er lett tilgjengelege – også på vinteren

### *Brannkummar – generelt*

- Brannkummar må plasserast på areal som vert rydda for snø, for eksempel køyreveggar og gangveggar. Brannkummar må derimot ikkje plasserast på biloppstillingsplassar eller liknande
- 

### **Vassforsyning innandørs – stigeleidning i bygg**

- Visar til VTEK17 § 11-17 andre ledd
- Tilkoplingspunkt til stigeleidning/tørropplegg må vere på bakkeplan og rett ved inngang til brannvesenets angrepsveg. Tilkoplingspunktet må vere tydeleg merka og plassert slik at det er lett synleg frå inngang til brannvesenets angrepsveg. Tilkoplingspunktet bør plasserast på utsida av byggverket
- Det skal vere uttak på stigeleidning/tørropplegg i alle etasjar over bakke-/inngangsplanet. Alle delar av ein etasje må kunne nås med maksimalt 50 meter slangeutlegg
- Ta kontakt med det lokale brannvesenet for dimensjonar og planlegging av tal på inntak og uttak o Uttaka for vann bør plasserast i skåp som låsast med firkant-nøkkel for å beskytte mot hærverk



## *Saman for ein branntrygg kvardag*

### **Merking og informasjon for redning- og sløkkjemannskaper**

#### *Generelt*

- Ved sida av brannalarmsentral og eventuell undersentral/slave skal det finnast orienteringsplanar og anna informasjon for brannmannskapa. Det skal vere orienteringsplaner for kvar etasje og med etiketter som visar etasjetal. Dette gjer det enklare for redning- og sløkkjemannskaper å finne riktig teikning. Det bør vere to sett med laminerte orienteringsplanar i A3 format; eit sett til vedkomne som betener brannalarmsentralen og eit sett til vedkomne som undersøker årsak til utløyst alarm ein anna stad i bygget
- Orienteringsplan ved den einskilde brannalarmsentral må ha referansepunkt som visar:
  - Kvar i bygget ein er
  - Byggets plassering i forhold til eksterne referanse punkta (omliggande gatar med gatenamn, uteområdet og liknande)
- Orienteringsplan må vise:
  - Brannkummar/-hydrantar
  - Angrepsveger for brannvesenet til bygget o Trapperom
  - Fareområder i bygget, for eksempel områder med oppbevaring/bruk av farlege stoffar
  - Plassering av sprinklarsentral, tavlerom, ventilasjonsrom, fyrrom, stoppekraner
  - Viktige branntekniske konstruksjonar og installasjonar/utstyr

#### *Oppslag med kontaktopplysningar*

- Ved brannalarmsentral i hovudangrepsveg bør det vere oppslag som gjev kontaktopplysningar til personar som har kjennskap til bygget og kan hjelpe ved rednings- og sløkkjeinnsats (for eksempel byggets eigar, vaktmeister, brannvernleiar, styreleiar og styremedlem i burettslag, mm.)

#### *Brannalarmanlegg*

- Brannalarmsentral skal plasserast rett innanfor hovudangrepsveg og helst slik at den er synleg frå utsida. Brannsentralen må plasserast på same plan/etasje som inngangen
- I bygg med fleire inngangar/trapperom, i tillegg til hovudinngang, som nyttas som innsatsveger bør det rett innanfor kvar einskild inngang vere plassert undersentral/slave og tilhøyrande orienteringsplanar